



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Kristen Risnes

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/1147 - 17/7644

Saksbehandlar:  
Andreas Granli  
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:  
13.06.2017

## Oversending utkast velteplass

Viser til dykkar søknad om bygging av landbruksveg på gnr/bnr 19/25 i Radøy kommune.

### Saksopplysningar:

Kommunen er heimshavar til gnr/bnr og velteplassen skal ligge på denne eigedommen. Eigedommen er avsatt til velteplass.

Velteplassen skal gje betre høve til parkering, plassering av tømmer og vil fungere som møteplass. Det skal byggjast om lag 70 meter langs vegen, plassen vert 6 meter djup.

### Sakshandsaming:

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 2015-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdiar i området.

Velteplassen skal byggast i tilknytning til eksisterande skogsbilveg på Risnes. Vegen er bygd på 90 talet og området der velteplassen skal ligge var i den samanheng vurdert for kulturminner. Plassen kan nyttast både til turgåarar og under tømmerdrift på kringliggande areal.

Fylkesvegen er smal og ein møteplass vil gje fordelar når tømmer skal transporterast ut av dekningsområdet til vegen. Framtidig tømmerdrift vil og nytte plassen til lagring av tømmer. Risnes er eit attraktivt turområde og det er behov for parkering for turgåarar.

### Naturmiljø

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Det er ikkje kjende registreringar lokalt av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i planområde. På motsatt side av Rosnesvegen er det registrert naturtype «naturbeitemark», naturtypen er lokalt viktig og vil ikkje påvirkast av tiltaket.

#### Kulturminne

Det er ikkje kjente kulturminner i området.

#### Landskap og friluftsliv

Vegen vil ikkje påverka landskapsbilete i særleg negativ grad. Velteplassar er ein viktig del av skogsveganlegg. Det er og positivt at denne plassen kan nyttast til parkering og møteplass.

#### **Vedtak:**

Risnes grendalag v/Tore Villanger får løyve til å byggje velteplass/parkeringsplass som omsøkt på gnr/bnr 19/25 i Radøy kommune.

#### Vilkår for løyve:

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet med veggen må alt arbeid stogkast, og Hordaland fylkeskommune varslast (Telefon 55 23 90 00).
- Velteplassen byggast slik kart viser.
- Naboeigedommane skal kunne nytte velteplassen til å ta ut skog på sine eigedommar. Eventuelle gjerde som vert tatt ned under bygging skal setjast opp igjen når velteplassen er ferdigstilt.

Vedtaket er gyldig til xx.xx.xxxx

#### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan frist for løyve, fell løyvet bort, jf FOR 2015-05-28-550, §3-2.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

#### Med helsing

Andreas Granli  
rådgjevar landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Landbruks sak Gbnr 19/25 Risnes - Bygging av velte plass - Søknad

**Mottakarar:**

Kristen Risnes